



Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

Kultur utvidar vår forståing av oss sjølv og samfunnet vi lever i.

Føremål:

- Tilskotsordning skal sikre bredde og mangfald i tråd med kommunens langsiktige planar for kulturlivet, jmf. «Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle kommune»
- Tilskotet skal ha som mål å dekke delar av utgifta til laget/organisasjonen.
- Lag/organisasjonar som får kommunal stønad, skal bidra til bredde og mangfald i tilbodet for innbyggaren gjennom sine tilbod og aktivitetar.
- Tilskotet har som mål å styrke felles kultur og komme flest mulig menneskjer til gode.
- Støtte opp under eit kulturliv som skal være mangfaldig, sterkt og uavhengig.
- Frivillig sektor fyller viktige rollar både for samfunnet og for enkeltpersonar.

Vilkår:

- Søkjer må vere registrert og vere aktiv i Bykle kommune for å kunne søkje kulturmidlar.
- Aktiviteten eller laget må vere opne for alle.
- Organisasjonen er aktiv i søknadsperioden og har kontinuerlig drift.
- Dersom laget eller organisasjonen vert oppløyst, skal foreningens formue overføres til ei anna organisasjon i kommunen, eller tilbake til kommunen.
- Tildeling av støtte krev eigeninnsats i form av medlemskontingent og dugnadsinnsats som samsvarer med det omfanget og type aktivitet laget driv.
- Laget/organisasjonen må integrere alle typar utgifter i søknaden. Det kan vere utgifter til drift, investering, bygg, arrangement, faste aktivitetar, «øyremerka» midlar i eige budsjett o.l.

Det kan søkjast kulturmidlar til:

- Drift
- Arrangement
- Investering
- Vedlikehald

I høve til vurdering av storleik på tilskotet blir det lagt vekt på:

1. Medlemstal
2. Aktivitetsnivå/tilbod i målgruppa
3. Kostnadsnivå
4. Organisasjonar som driv med barne- og ungdomsarbeid i Bykle kommune skal prioriterast.

Krav til søknad:

- Søknaden må fyllast ut elektronisk på Bykle kommunes heimeside.
- Alle punkt i søknaden må fyllast ut.
- Revidert og godkjent rekneskap og årsmelding for drifta i laget siste periode skal leggjast ved som vedlegg.
- Vedtatt budsjett for søknadsåret, inneverande periode skal leggjast ved som vedlegg.
- Målsetting og handlingsplan over det vidare arbeidet i laget, som eige vedlegg.
- Søknadar med manglande opplysningar vil ikkje bli handsama.

Tiltak som ikkje får tilskot:

- Lag som primært tek vare på yrkes- og økonomiske interesser til medlemmene.
- Politiske parti og politiske aksjonar
- Organisasjonar som ikkje er opne for alle
- Reint kommersielle tiltak
- Marknader, festivalar og liknande må sjåast på som eit kommersielt tiltak, og må ut frå dette søkje om næringsmidlar

Generelt:

Fordeling av stønad til lag- og organisasjonar skal hansamast av formannskapet. Kommunestyret er klageinstans.

Søknadsfrist er 1. april.

Februar 2021